

# Årsmelding og rekneskap 2005



det norske teatret



PEER GYNT, Sverre Bentzen og Paul-Ottar Haga

# ÅRSMELDING FRÅ L/L DET NORSKE TEATRET FOR 2005

L/L Det Norske Teatret er eit allmen-nyttig aksjeselskap som har til føremål å synne fram teaterstykke på norsk mål i bygd og by. Teatret er lokalisert i Oslo.

## ØKONOMI

Det Norske Teatret hadde eit godt år i 2005, både kunstnarleg og økonomisk. Driftsinntektene steig med vel 3 mill. kroner frå 2004, og utgjorde 148,3 mill. kroner i 2005. Årsresultatet blei 3,86 mill. kroner. Teatret har no kvitta seg med eit stort udekt tap, og har for fyrste gong sidan 1984 ein fri eigenkapital, kr. 600.000. Den bundne eigenkapitalen er 27,1 mill. kroner.

Ut frå dei planer som ligg føre, teatrets eigenkapital og tilskott som er løyvd for 2006 meiner styret at det er forsvarleg å avslutte årsrekneskapen for 2005, der ein legg framleis drift til grunn.

Teatret har god kontroll med kostnadene. I samsvar med sin kunstnarlege strategi satsar teatret på å vere spennande og nyskapande.

Dette krev at teatret også må setje opp stykke der innteninga er usikker. Men teaterleiinga har vist god evne til å komponere eit program somgjev dei naudsynte inntektene.

Det er styret si vurdering at teatret held oppe posisjonen sin som eit spennande og nyskapande teater. Samarbeidsprosjektet Peer Gynt, sett opp av den verdkjende instruktøren Robert Wilson, var ein kunstnarleg siger for Det Norske Teatret.

## FRAMTIDSUTSIKTER

Styret har vedteke ein ny strategi for teatret for perioden 2006-2009. Den slår fast at Det Norske Teatret skal vere eit stort og leiande nasjonalteater med vekt på det nyskapande og eksperimentelle.

Teatret står framleis overfor store behov for investering, vedlikehald og utskifting av utstyr. Styret kalkulerer dette til å utgjere ca. 85 mill. kroner i perioden 2006-2015. Teatret kan ikkje makte denne investeringa åleine, og

har merka seg at Kultur- og kyrkje-departementet i sin siste budsjett-proposisjon har gjeve ei løying som fyrste steget i finansieringa av det langsigkt investeringsbehovet.

Teatret har som mål å ha eit årleg overskot på rundt 3 mill. kr., som skal nyttast til å byggje opp ein fri eigenkapital som kan gje eit betre grunnlag for kunstnarleg dristige satsingar.

Teatret arbeider jamt med å utvikle samarbeid med gode sponsorar. Teatret har sponsoravtalar med Posten Norge BA, Hydro Texaco AS og Statkraft SF. Aktiviteten gir rom for nyutvikling og nye utfordringar. Styret vil takke sponsorane for godt samarbeid.

## SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i 2005 var på 5,8% (5,3% i 2004). Det er fleire med langtidsfråvær i år enn det var i fjar. Det er ikkje registrert nokre alvorlege arbeidsulykker i 2005.

## ARBEIDSMILJØ

Styret meiner at arbeidsmiljøet ved teatret er tilfredsstellende. Leiinga vurderer heile tida behovet for iverksetting av tiltak for å betre miljøet. På oppmoding frå dei tilsette har leiinga starta opp med eitt teknisk og eitt kunstnarleg evalueringsmøte for kvar produksjon. Teatret driv ikkje med verksemd som forureinar det ytre miljøet.

## LIKESTILLING

Fordelinga av dei 228 fast tilsette er 116 menn og 112 kvinner. Det er like mange menn og kvinner som arbeider deltid. Gjennomsnittslønna er om lag lik for begge kjønn. Det er 5 menn og 3 kvinner i leiargruppa. I styret sit 4 kvinner og 3 menn.

## SAMARBEIDET MED DEI TILLITSVALDE

Samarbeidet med dei tillitsvalde og fagsjefane har vore konstruktivt og medverka positivt til drifta. Styret vil takke alle tilsette for god og heilhjarta innsats for Det Norske Teatret i 2005.

Oslo, 31. desember 2005  
27. mars 2006

Magnus Rindal  
*styreleiar*

Else Britt Jacobsen

Vidar O. Steine

---

Vidar Sandem  
*teatersjef*

Siri Hatlen

Astrid Versto  
*nestleiar*

Iren Reppen

Olav R. Spilling

---

Morten Gjelten  
*direktør*

# KUNSTNARLEGE AKTIVITETAR I 2005

Det Norske Teatret spela i år 2005 i alt 945 framsyningar. Samla publikumstal var 193 618.

## REPERTOARET 2005

Det Norske Teatret satsa i 2005 vidare på nyskriven dramatikk. Hovudtyngda i repertoaret dette året var urpremierar og Noregspremierar. Og vi hadde stor spennvidd i den norske satsinga, frå revyen *Det folk vil ha* av Are Kalvø på Hovudscenen, til Maria Tryti Vennerøds *Frank* på Prøvesalen. Begge framsyningane blei, på kvart sitt vis, store suksessar i 2005. *Det folk vil ha* skreiv Are Kalvø på bestilling frå Det Norske Teatret, *Frank* vann den store nordiske dramatikkkonkurransen, arrangert av Stockholm Stadsteater, Det Norske Teatret og Norge 2005.

Vi var i det heile svært aktive mot norske dramatikkarar dette året, også gjennom sentral medverknad i DUS-festivalen. Dette er ein festival som satsar mot dei yngre. Norske dramatikkarar skriv på bestilling for unge menneske. Ungdom over heile landet arbeider etter det med desse tekstane. Ein jury plukka ut dei beste gruppene,

som så spelte framsyningane sine under DUS-festivalen på Det Norske Teatret. Dette var ei svært vellukka satsing, som vi, saman med våre samarbeidspartnerar vil gå vidare med. Denne festivalen er viktig for den nye, norske dramatikken. Og ikkje minst er den viktig for å få unge menneske til å interessere seg for, og kjenne seg nærmare knytte til teatret og teaterkunsten. Det same gjeld Norsk amatørteaterfestival som vi også arrangerte, i nært samarbeid med NU.

Vi satsa i 2005 vidare på å integrere moderne dans i repertoaret. Det blei svært synleg da den verds-kjende koreografen Sasha Waltz gjesta teatret med framsyninga *Körper*. Dette var første gong dette ensemblet gjesta Noreg, og den blei mottatt og hylla som den kunstnarlege sensasjonen den var.

Teatret gav i 2005 eit breitt tilbod til publikum, ikkje minst gjennom kulturhuset Det Norske Teatret. Ved sida av det ordinære repertoaret har det vore aktivitetar frå morgon til kveld, og med mange tusen besökande.

På Hovudscenen tok vi med oss førre sesongs store suksess, *Piaf*, over i det nye året. Også i 2005 samla framsyninga eit stort publikum, og blei spelt 30 kveldar. 19. februar hadde vi premiere på ei av det største satsingane i teatrets historie, *Peer Gynt*, i regi av ein av verdas fremste regissørar, Robert Wilson. Dette var eit samarbeidsprosjekt med Den Nationale Scene i Bergen. Det var ein krevjande periode, både teknisk, økonomisk og kunstnarleg. Det blei stilt ekstreme krav til kunstnarane, organisasjonen og det tekniske personalet. Teatret viste gjennom denne prosessen at vi er fullt på høgd med dei sentrale teaterhusa i verda. *Peer Gynt* var ein stor kunstnarleg siger for Det Norske Teatret og fekk Hedda-prisen som årets framsyning i Noreg.

Vi hadde premiere i Oslo, festspel-premiere i Bergen, og spelte den utover hausten på Den Nationale Scene. Den var svært godt besøkt dei 41 kveldane vi spelte i Oslo, det same i Bergen, både på festspela og då den gjekk i Den Nationale Scene sitt repertoar. *Peer Gynt* blei invitert til å gjestespele på mange av dei



*FRANK, Nicolai Cleve Broch og Ingrid Bolsø Berdal*

store teatra rundt om i verda. Å ta framsyninga ut på ein verdsturné var dessverre umogleg både økonomisk og organisatorisk. Men vi reiser på gjestespel til Brooklyn Academy of

Music i New York i april 2006. Dette gjestespelsen er viktig for teatret. For første gong er ei norsk framsyning invitert til den store scenen på verdas kanskje mest prestisjefylte gjestespel-

scene. Det Norske Teatret vil gjennom dette gjestespelsen få høg internasjonal status.

Vi opna året på Scene 2 med Anton Tsjekovs *Ivanov*. Den blei spelt 22 kveldar. 23. februar hadde vi Oslo-premiere på *Is-slottet* av Vesaas/Rosenlund. Dette var eit vellukka samarbeidsprosjekt med Teatret Vårt i Molde, med urpremiere hausten 2004. Framsyninga fekk strålende kritikkar og hadde eit stort publikum i Møre og Romsdal. Med ei lysande Ane Dahl Torp i hovudrolla trekte den fulle hus på Det Norske Teatret, og den var langt frå ferdigspelt etter dei 16 fram-syningane her. *Is-slottet* kjem derfor på speleplanen også i 2006. Vi hadde ein ny runde med *Bikubesong* på våren, også denne gongen for utselte hus.

På Prøvesalen hadde vi i april premiere på vinnaren av den store nordiske dramatikarkonkurransen, *Frank*, av den unge Maria Tryti Vennerød. Dette blei ein fin kunstnarleg siger for teatret, det unge teamet bak fram-syninga og ikkje minst for dramatikaren. Ekstra gledeleg er at vi har fått enno ein nynorskskrivande dramatikar som vil bli sentral i åra som kjem. *Frank* blei spelt for svært gode hus 20 kveldar.

Vi opna haustsesongen på Hovud-scenen med Are Kalvøs *Det folk vil ha*, som blei ein av dei største publikums-suksessane i Noreg i 2005. Etter premieren den 3. september og fram til siste framsyning nyårsaftan fekk

den 78 kveldar med nærast fulle hus. 13. november hadde *Trollprinsen* nypremiere og blei spelt 41 gonger dette året.

Vi starta hausten på Scene 2 med Noregspremiere på den unge, russiske dramatikaren Vassily Sigarevs *Svart Mjølk*. Til å vere ny, internasjonal dramatikk trekte den eit stort publikum. Aksel Hennie og Ingrid Bolsø Berdal gjorde strålende prestasjoner som det unge paret. Framsyninga blei spelt 23 kveldar. Ingrid Bolsø Berdal fekk elles prisen som årets debutant under Hedda-utdelinga hausten 2006.

6. oktober hadde vi nok ein urpremiere, Marit Tusviks *Angerhøy*. Den fekk 20 framsyningar. Vi starta ein ny runde med Bikube-song i november. I 2005 hadde fram-syninga 52 fulle hus. Vi avslutta året med 45 formiddagar og kveldar med *Teskjekjerringa julestrid*.

Det var Noregspremiere på Prøvesalen 7. september med *Fedras kjærleik* av den unge, tidlig døde og omdiskuterte dramatikaren Sarah Kane. *Fedras kjærleik* blei ein fin kunstnarleg suksess for teatret. Den fekk 26 kveldar. 17. november hadde vi premiere på storsatsinga *Richard II* av William Shakespeare. Dette blei ein stor kunstnarleg framgang for Det Norske Teatret, for

instruktøren Stein Winge, og ikkje minst for Ingunn B. Øyen og hennar tolking av *Richard II*. Framsyninga gjekk for fulle hus 30 kveldar.

Vi produserte i 2005 DUS-festivalen og Norsk Amatørteaterfestival. Dette krev sjølvagt ressursar frå eiga drift, men vi synest det er viktige satsingar. Ikke minst når det gjeld den nye norske dramatikken.

Elles hadde vi stor aktivitet når det gjeld gjestespel og samarbeids-prosjekt. Vi samarbeidde med Den Nationale Scene om *Peer Gynt*, med Teatret Vårt om *Is-slottet*, og Samtidsfestivalen 2005 var eit samarbeid mellom Det Norske Teatret, Nationaltheatret, Det Åpne Teatret og Black Box Teater. Elles hadde Wiik/Kverndokks *Frendelaus* ein vellukka tysk premiere i Kaiserslautern. *Frendelaus* blei utvikla og hadde si urpremiere Det Norske Teatret i 2004. Og kulturhuset Det Norske Teatret baud også dette året på Ord over grind, laurdagsmatinear, Lunsj & Lyrikk, Eventyr-ForteljeTeaterStund og Suppeteatret.



*DET FOLK VIL HA*, Björn Sandberg og Charlotte Frogner

# RESULTATREKNESKAP 2005

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2005	2004
<b>TEATERDRIFTA</b>			
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Eigne inntekter	1	34 792	38 802
Tilskot	2	110 427	<u>109 491</u>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>114 829</u>	<u>118 293</u>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Varekjøp		4 957	5 704
Kostn. v/arbeidskraft	3	97 467	106 677
Ordinære avskrivningar	6	2 684	2 561
Nedskrive med tilskot til investeringar	6	4 782	0
Andre driftskostnader	4	29 511	<u>30 337</u>
<b>Sum driftskostnader</b>		<u>143 280</u>	<u>145 222</u>
<b>DRIFTSRESULTAT TEATERDRIFTA</b>			
		<u>3 014</u>	<u>5 818</u>
<b>UTLEIGEDEL AV TEATERHUSET</b>			
Leigeinntekter		2 473	2 478
Avskriving utleigedelen	5 - 6	1 459	1 583
Kostnader inkl. renter			<u>8951 014</u>
<b>RESULTAT AV UTLEIGEDELEN</b>		<u>0</u>	<u>0</u>

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2005	2004
<b>FINANSRESULTAT</b>			
Renteinntekter		1 373	1 465
Gevinst ved sal av aksjar		0	0
Rentekostnader		744	620
		—	—
Finansresultat		629	845
		—	—
Resultat før skattekostnader		3 860	6 448
		—	—
Skattekostnad		0	0
		—	—
<b>ÅRSOVERSKOT</b>		<b>3 860</b>	<b>6 448</b>
		—	—
<b>DISPONERING AV ÅRSRESULTAT</b>			
Overskot mot udekt tap		-3 303	-6 448
Overskot mot fri eigenkapital		-557	
		—	—
Sum disponert		-3 860	-6 448
		—	—



ANGERHØY, Ensamblet

# BALANSE PR. 31.12.2005

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2005	2004
<b>EIGNELUTER</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
FINANSIELLE DRIFTSIDLAR			
Lån til Staten	6 B	22 200	22 200
SUM FINANSIELLE DRIFTSIDLAR		22 200	22 200
VARIGE DRIFTSIDLAR			
Teaterhuset	5	38 082	36 498
Tomteverdi	5	9 007	9 007
Teknisk utstyr, inventar o.a.	6	15 334	14 159
SUM VARIGE DRIFTSIDLAR		60 839	61 248
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>83 039</b>	<b>83 448</b>
<b>OMLAUPSMIDLAR</b>			
FORDRINGAR			
Varelager	13	325	517
Forskot forfattarhonorar		854	108
Andre fordringar inkl. tilsette		3 313	2 909
SUM FORDRINGAR		4 684	3 342
AKTIVERTE OPPSETJINGSKOSTNADER	12	2 030	5 309
KASSE, BANK OG POSTGIRO		5 436	4 579
<b>Sum omlaupsmidlar</b>		<b>12 150</b>	<b>13 230</b>
<b>SUM EIGNELUTER</b>		<b>96 888 89</b>	

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2005	2004
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Bunden eigenkapital</b>			
Lutmidlar (12.272 luter à kr. 400.-)	7 - 8	4 909	4 909
Eigenkapitalinnskot Staten	7B	22 200	22 200
<b>Sum bunden eigenkapital</b>		<b>27 109</b>	<b>27 109</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital/Udekt tap	8	-3 303	557
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>23 806 666</b>	
<b>GJELD</b>			
<b>Avsetjing for plikter</b>			
Pensjonsplikter	10	10 979	9 026
Vedlikehaldsfond	9	5 150	4 650
<b>Sum avsetjing for plikter</b>		<b>14 176</b>	<b>15 629</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Pantelån	11	28 924	25 641
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>25 641</b>	<b>28 924</b>

	Note	(tal i NOK 1000)	
		2005	2004
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørar		4 921	1 719
Kassakreditt		3 988	6 492
Skuldig offentlege avgifter		7 882	6 639
Forskotsinnbetalt for billettar		803	2 844
Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar		10 811	9 873
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>228 679</b>	
<b>Sum gjeld</b>		<b>72 872</b>	<b>67 524</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>95 189</b>	<b>96 678</b>
Garantiansvar		0	0

Magnus Rindal (sign)

Astrid Versto (sign)

Vidar O. Steine (sign)

Olav R. Spilling (sign)

Siri Hatlen (sign)

Iren Reppen (sign)

Else Jacobsen (sign)

# NOTAR TIL REKNESKAPEN 2005

(tal i NOK 1000)  
2005      2004

## NOTE 1. EIGNE INNTEKTER

		2005	2004
Billettsal: Hovudscenen	20 166	23 146	
Billettsal: Scene 2	3 683	3 484	
Billettsal: Prøvesalen	254	764	
Billettsal: Andre scener		283	0
Programsal	697	618	
Turné/oppkjørende inkl. programsal		842	0
Sponsorinntekter	2 600	2 600	
Andre inntekter		<u>7 907</u>	<u>6 550</u>
		<u><b>38 802</b></u>	<u><b>34 792</b></u>

## NOTE 2. TILSKOT

		2005	2004
Driftstilskot: Staten	105 337	107 549	
Tilskot til investeringar: Staten		4 782	0
Tilskot: Norsk Kulturråd	60	98	
Tilskot til fagopplæring	193	244	
Tilskot til Peer Gynt opsetjinga	0	1 600	
Tilskot frå Storebrands «Du kan»-konkurranse		40	0
Tilskot frå Venner av Det Norske Teatret	15	<u>0</u>	<u>0</u>
		<u><b>109 491</b></u>	<u><b>110 427</b></u>

		2005	2004	(tal i NOK 1000)
<b>NOTE 3. KOSTNAD VED ARBEIDSKRAFT</b>				
Lønn	73 878			80 321
Arbeidsgjeveravgift		11 587		12 531
Honorar	5 737			6 751
Pensjonar/forsikringar		6 256		<u>7 074</u>
<b>Sum</b>	<b>97 467</b>			<b><u>106 677</u></b>
AV DETTE LØNN TIL:				
Teatersjef:				
Lønn	614			738
Pensjonskostnader		138		65
Styret:	45			167
Teatersjefen er tilsett på åremål og har ei avtale om 1 år utan arbeidsplikt ved utløp av åremålstida.				
Det er ikkje gitt lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærliggande partar.				
Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5% av selskapets eigenkapital.				
I posten pensjonar/forsikringar inngår betalt pensjonspremie fråtrekt dei tilsette sin del og endringar i pensjonsplikter.				
Arbeidsgjeveravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjeveravgift.				
Garantiansvar for tilsette		0		0
Teatret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 228 fast tilsette. Av dette var 31 deltidsstillingar.				
Dette utgjer 213 årsverk. I tillegg hadde teatret 3 lærlingar.				
<b>REVISOR</b>				
Kostnadsført revisjonshonorar i 2005 inkl. mva.		96	102	

		2005	(tal i NOK 1000) 2004
<b>NOTE 4. ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>			
Kostnader v/lokale	5 119	5 553	
Reparasjon og vedlikehald	6 066	3 833	
Marknads-/info.kostnader	5 813	6 302	
Forfattarhonorar	2 825	3 912	
Andre driftskostnader		<u>10 737</u>	<u>9 688</u>
		<u><b>30 337</b></u>	<u><b>29 511</b></u>
<b>NOTE 5. TEATERHUSET/TOMTEVERDI</b>			
Teaterhuset (der utleigedelen inngår)			
Kostpris	489 340	<u>489 340</u>	_____
Nedskrive med tilskot	424 625	424 625	
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.		<u>19 210</u>	<u>17 627</u>
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>		<u><b>45 505</b></u>	<u><b>47 088</b></u>
Avskrivningar dette året	1 459	<u>1 583</u>	_____
Teaterhuset (utleigedelen) skal skrivast ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget. Restverdien, når utleigedelen er nedskrevet, vil vere som tomteverdien, som ikkje kan avskrivast.			
<b>NOTE 6. VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>			
TEKNISK UTSTYR, INVENTAR			
Bokført verdi pr. 01.01.	7 399	14 159	
Tilgang kjøpte driftsmidlar	14 226	3 736	
Tilgang - anlegg under utføring	0	0	
Avgang selde driftsmidlar		0	0
<b>Bokført verdi 31.12.</b>	<b>21 625</b>	<u><b>17 895</b></u>	_____

			(tal i NOK 1000)
	2005	2004	
Avskrivningar, ordinære dette året	-2 684	-2 561	
Avskrivningar, ekstra tilskot frå Staten	-4 782	0	
<b>Balanseført verdi pr. 31.12.</b>	<b>14 159</b>	<b>15 334</b>	

#### Note 6B

Avdragsfritt lån til Staten. Lånet vart renteberekna med 1,1 mill. kroner i 2005.

#### NOTE 7. LUTMIDEL OG INFORMASJON OM LUTEIGARANE

	Luter	Pål.	Bokført
Luter registrerte i VPS	7 500	400	3 000
Luter ikkje registrerte i VPS	4 772	400	1 909
<b>Sum</b>	<b>12 272</b>		<b>4 909</b>

L/L Det Norske Teatret har 4.635 luteigarar pr. 31.12.05. Alle lutene gir same rett i Selskapet.

		Sum	Eigardel
BUL Oslo	11,03%	1 353	
Haugesund Mållag	3,92%	481	
Fokus Bank	2,92%	358	
Venner av Det Norske Teatret	1,63%	200	
Mållaget i Kristiansand	1,35%	166	
Gjensidige Skade	1,06%	130	
<b>Sum</b>	<b>21,90%</b>	<b>2 688</b>	
Andre (eigardel <1%)	78,10%	9 584	
<b>Totalt</b>	<b>100,00%</b>	<b>12 272</b>	

Oversikt over luter til styremedlemmer og teatersjef, inkludert ektefellar og barn.

Dei eig til saman 5 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik:

Else Britt Jacobsen	1
Magnus Rindal	1
Vidar Sandem	1
Vidar O. Steine	1
Astrid Versto	1

#### Note 7B

Staten har gitt eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teatret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidd. I balansen er dette beløpet vist som bunden eigenkapital (sjå note 6B).

### NOTE 8. EIGENKAPITAL

	Bunden eigenkapital	Opptent eigenkapital	(tal i NOK 1000)
	Lutmidel	Eigenkapitaltilskot	Udekt tap/fri eigenkapital
Balanse pr. 1/1	4 909	22 200	-3 303
Pensjonsregulering (sjå note 10)			0
Overskot/underskot	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>3 860</u>
Balanse pr. 31.12	<u>4 909</u>	<u>22 200</u>	<u>557</u>

### NOTE 9. VEDLIKEHALD

Teatret står overfor store kostnader i åra som kjem, både når det gjeld teknisk utstyr og vedlikehald av bygget. I alt er det sett av 4,650 mill. kroner til framtidig vedlikehald.



IS-SLOTTET, Ane Dahl Torp

## NOTE 10. PENSJONAR

### SIKRA PENSJONSPLIKTER

Pensjonsplikter for dei tilsette er dekte gjennom Vital. Det er gjort ei aktuarmessig utrekning av pensjonsplikter/pensjonsmidlar der føresetnad om lineær opptening er lagt til grunn. Det er ein føresetnad at alle tilsette blir i teneste til pensjonstidspunktet eller til ein evnt. fell frå. Frå og med 2004 er tilleggspensionar til teatersjefar/direktørar samordna med den kollektive ordninga. Totalt er 226 med i ordninga.

### USIKRA PENSJONSPLIKTER

Det Norske Teatret har ei tariffesta avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Avtalen gir rom for at tilsette kan få pensjon frå 62 til 67 år og gjeld alle fast tilsette. Like eins har vi ein avtale om pensjon til dansarane frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år. Desse ordningane blir rekna som usikra ordningar.

	(tal i NOK 1000)	
	2005	2004
Berekna pensjonskostnader	5 853	5 750
Rentekostnader av pensjonsplikter	3 359	3 827
Brutto pensjonskostnad	9 212	9 577
Avkasting på pensjonsmidlar	-3 581	-4 057
Resultatavvik og planendringar	96	1 059
Arbeidsgjevaravgift	1 150	1 350
Resultatført pensjonskostnad	6 877	7 929
Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift	-6 895	-9 567
Korreksjon for ikkje inntektsført estimatavvik		1 220
Betalt pensjon over drifta	-1 955	-1 535
Endring av netto pensjonsplikter	-1 973	-1 953

	(tal i NOK 1000)	
	2005	2004
<b>Usikra pensjonsplikter:</b>		
Pensjonsplikter (brutto)	22 541	21 826
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	0	<u>0</u>
Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift	22 541	21 826
Periodisert arbeidsgjevaravgift	3 179	<u>3 020</u>
<b>NETTO USIKRA PENSJONSPLIKTER</b>	<b><u>24 846</u></b>	<b><u>25 720</u></b>
<b>Sikra pensjonsplikter:</b>		
Pensjonsplikter (brutto)	53 434	62 981
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	-65 765	<u>-75 330</u>
Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift	-12 331	-12 349
Arbeidsgjevaravg. Av premiefondsmidlar		-1 741
Estimatendringar	-2 410	<u>-1 730</u>
<b>NETTO SIKRA PENSJONSPLIKTER</b>	<b><u>-15 820</u></b>	<b><u>-14 741</u></b>
<b>NETTO PENSJONSPLIKTER I BALANSEN</b>	<b><u>9 026</u></b>	<b><u>10 979</u></b>
<b>Økonomiske føresetnader</b>		
Avkasting på pensjonsmidlar	6,00%	6,00%
Diskonteringsrente	6,00%	5,00%
Årleg lønnsvekst	3,00%	3,00%
Årleg G-regulering	3,00%	3,00%
Årleg regulering av pensjonar under utbetaling	2,50%	2,50%
Gjennomsnittleg arbeidsgjevaravgiftsfaktor	14,10%	14,10%

## **NOTE 11. TRYGD FOR PANT**

Som trygd for pantegjeld i Fokus Bank på 26 mill. kroner og kassakredittgjeld er det tinglyst panteobligasjonar i Teaterhuset. Vidare har Staten og Oslo kommune saman tinglyst ein panteobligasjon på 858 mill. kroner til trygd for tilskotet i Teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke. Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygninga ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i L/L Det Norske Teatret.

## **NOTE 12. AKTIVERTE OPPSETJINGSKOSTNADER**

Påløpte kostnader knytte til oppsetjingar med premiere etter 01.01.2006 er aktiverte.  
Aktiveringa gjeld variable kostnader utover fast lønn.

*BIKUBESONG, Hildegun Riise, Svein Roger Karlsen og Kikki Stormo*



# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	2005	(tal i NOK 1000) 2004
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>		
Resultat før skattekostnad	3 860	6 448
Ordinære avskrivningar og nedskrivningar	4 144	4 143
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	-1 953	-1 198
Endring varelager	-192	300
Endring forskot kundar	-2 041	2 011
Endring i leverandørgjeld	- 3 203	2 557
Endring i andre tidsavgrensingspostar	<u>4 755</u>	<u>9 199</u>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>	<u>5 370</u>	<u>5 061</u>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>		
Innbetaling frå Staten til investeringar	0	4 782
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	<u>-3 735</u>	<u>-14 226</u>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>	<u>-3 735</u>	<u>-9 444</u>
<b>KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>		
Nedbetalt langsiktig gjeld	-3 283	-3 159
Endring kassakredittgjeld	<u>2 505</u>	<u>3 988</u>
<b>NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>	<u>-778</u>	<u>829</u>

	2005	(tal i NOK 1000) 2004
<b>EFFEKT AV VALUTAKURSENDRINGER PÅ KONTANTAR</b>		
Netto endring i kontantar	857	-3 554
Kontantbehaldning 01.01.	<u>4 579</u>	<u>8 133</u>
<b>KONTANTBEHALDNING 31.12</b>		
	<b><u>5 436</u></b>	<b><u>4 579</u></b>
<b>SPESIFIKASJON AV KONTANTBEHALDNINGA VED PERIODESLUTT</b>		
Bankinnskot bunde for skattetrekk	4 206	3 824
Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>1 230</u>	<u>755</u>
<b>I TILLEGG HAR SELSKAPET FØLGJANDE TREKKRESERVE</b>		
Ikkje nytta kassakredit	<u>0</u>	<u>1 012</u>

*SVART MJØLK, Folk med brødristatarar - og Ragnar Dyresen*



# REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revidert årsrekneskapen for L/L Det Norske Teatret for rekneskapsåret 2005.

Årsrekneskapen syner eit årsoverskot på 3.860.273 kroner. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og opp-lysnings i notar. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskaps-skikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiari for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjons-skikk i Noreg, herunder revisjons-

standardar vedtekte av Den Norske Revisorforening. Revisorstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at den gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen.

I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltinga av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

\* årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter

og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. des. 2005, og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg

- \* leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med norsk god rekneskapskikk
- \* opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Oslo, 27. mars 2006

Revisjonsfirmaet Flattum & Co DA

Arne Brænden (sign.)  
Statsautorisert revisor



*ANGERHØY, Sigve Bøe og Hildegun Riise*

## STYRET

Medlemmer og varamedlemmer i styret har sidan siste årsmøte vore:

Medlemmer:

Magnus Rindal (leiar)  
Astrid Versto (nestleiar)  
(årsmøtevalde)

Siri Hatlen  
Olav R. Spilling  
Vidar O. Steine  
(valde etter tilråding frå Staten)

Iren Reppen

Else Britt Jacobsen

(valde av dei fast tilsette på teatret)

Styret har hatt 9 møte i 2005.

Varamedlemmer:

- 1) Arve Sandal
- 2) Ragnhild Sælthun Fjørtoft

Ingebjørg Harto  
Elizabeth Føllesdal  
Turi Langeland

- 1) Bernhard Ramstad
- 2) Magne Lindholm
- 3) Nina Woxholtt

- 1) Heidi Lindstad
- 2) Pål Pande-Rolfsen
- 3) Paul Børge Strand

Etter vedtekten skal årsmøtet i år velje 3 styremedlemmer for 2 år og 5 vara-medlemmer for 1 år.

Av styremedlemmene er Siri Hatlen, Olav R. Spilling og Vidar O. Steine på val og av varamedlemmene Arve Sandal, Ragnhild Sælthun Fjørtoft, Ingebjørg Harto, Elisabeth Bjørn-Hansen og Turi Langeland.

Tre styremedlemmer med personlege varamedlemmer skal veljast etter tilråding frå staten. Det er ein klar føresetnad for statusen som nasjonal institusjon og for å kome inn under gjeldande tilskotsordning for slike institusjonar, at årsmøtet vel dei kandidatane som er peika ut som målsmenn for staten.

Det tilsette vel to medlemmer til styret frå dei fast tilsette, med tre varamedlemmer kvar.

Valnemnd: Ottar Grepstad, Olav Helge Øwre og Trine Merete Sjølyst.

Årsmøtet skal òg etter framlegg frå styret velje valnemnd for årsmøtet 2006.

## MÅLPOLITISK RÅD 2005

Målpolitisk råd har til oppgåve å gje råd om målbruken ved teatret og andre kulturpolitiske emne som rådet sjølv tek opp. På kvart møte orienterer teatersjefen om speleplanen og arbeidet ved teatret. Styreleiaren orienterer om arbeidet i styret og den økonomiske stoda. Rådet har hatt to møte i 2005, 23. april og 29. oktober. I samband med rådsmøta såg rådet hundreårsframsyninga Peer Gynt og revyen Det folk vil ha. Medlemene blir oppmoda om å sjå flest mogleg av framsyningane.

Det har kome framlegg om at rådet blir redusert, at rolla til rådet blir gjort tydelegare og at rådet bør møte noko oftare for å kunne vere ein reell aktør i utviklinga av teatret. Noregs Mållag og Noregs ungdomslag er bedne om å legge fram sitt syn på dette på rådsmøtet våren 2006.

### KROPPSSPRÅK OG DANS

På det første møtet i 2005 diskuterte rådet mellom anna dansen, særleg

folkedansen, sin plass i teatret, og fleire av medlemene etterlyste meir dans. Det blei peikt på at det finst framsyningar med folkedans som kunne ha vore viste på teatret. Teaterskulen gjev opplæring i selskapsdans, men ikkje i folkedans. Det var semje om å arbeide for meir opplæring i folkedans.

### BARN OG UNGE

Igjen var spørsmålet om teaterverkstad for barn tema. I tillegg til eksisterande tiltak som ungdomskortet, gode framsyningar og eventyrfortejar-stund, treng vi fleire opplegg for barn og unge. Dette emnet blir drøfta nærrare i 2006.



TROLLPRINSEN,  
Anderz Eide, Kikki Stormo og Yngve Berven

## EKSPERIMENTERING MED SPRÅKET I SVART MJØLK OG ANDRE TEATERSTYKKE.

Fleire meinte at språket i *Svart mjølk* høyrdest ut som knot og var därleg nynorsk. Frå teaterleiinga si side blei det peikt på at språket var eit medvite val av verkemiddel, men at det ikkje fungerte slik det var tenkt. Teatersjefen vedgjekk at språk-bruka i *Svart mjølk* ikkje var vellukka, men

understaka at det var han som hadde bede om at dei skulle gjere det på den måten. Det var ikkje hjelpeøyse hjå skodespelaren som var grunnen. Målpolitisk råd er for å bruke språket på ulike måtar, men meinte at det i dette tilfellet ikkje hadde lukkast. Her verka det meir som om skodespelarane ikkje meistra nynorsken. I motsetning til *Svart mjølk*, fungerte den språklege eksperimenteringa i *Skråninga* og *Seieseiarrens* song godt.



## TEATERHISTORIE OG OPPTRAPPING MOT 2013

Målpolitisk råd er samd med styret i at det blir laga ei sogebook til jubileet i 2013, og at det vert hyrt faghistorikarar til å skriva boka. Boka bør ha fleire innfallsvinklar. Teatret må bruke tida fram til 2013, som også er 200-årsjubileum for Ivar Aasens fødsel, på å profilere seg.

## SAMARBEID MED NOREGS MÅLLAG OM HUNDREÅRSFEIRING I 2006

Noregs Mållag feirar hundreårs-jubileet sitt i 2006. Både mottakinga med kongelege gjester i jubileums-helga 3. – 5. februar og gallafram-syninga i samband med landsmøtet 28. april skal vere på Det Norske Teatret.

## ANDRE ORIENTERINGAR

